

31.05.2022

Kjære medlemmar,

Tida går og vipps er det vår. Samfunnet er i full gang igjen og vi er tilbake til den aktive våren som vi har lengta etter under pandemien, med all slags aktivitetar før sommaren. Det er nesten som det kan bli litt i meste laget, iallefall trengst litt tilvenning.

Takk for sist til dei vi møtte på Fysioterapikongressen 2022! Stemninga var stor for at det var muleg å møtast fysisk igjen og det faglege innhaldet var interessant, med mange innlegg som omhandla barn og unge. Dette gjaldt ikkje minst posterframlegg og forskning, der barnesida var godt representert. I Tidsskrift for barne- og ungdomsfysioterapi kan du lese meir om dette: [To av tre fysiofondpriser til barne- og ungdomsfysioterapeuter](#). Kongressen gav også mulegheit for å delta digitalt og det er muleg å sjå fleire av innlegga digitalt om du var på kongressen og gjekk glipp av nokre innslag.

Årsmøtet 2022 bestemte at redaksjonen fram til neste årsmøte skal konsentrere seg om å vidareutvikle Tidsskriftet for barne- og ungdomsfysioterapi som nettside. Vi håper derfor at du bruker nettsida aktivt framover og deltar i evaluering før neste årsmøte, hvor et tema blir om fagbladet skal tilbake til elektronisk e-blad, eller fortsette som nettside. Benytt deg også av den nye mulegheiten til å søke opp artiklar på søkesida til tidsskriftet. Om du for eksempel legg inn søkeordet “habilitering”, vil alle artiklar som tidsskriftet har publisert om temaet legge seg der. Det meir vi bruker søkefunksjonen, jo smartare blir den, så her kan du bidra til å bedre tidsskriftet ved å søke på tema!

NFFs fysioterapeutpris for 2022 som vart utdelt under Fysioterapikongressen og gjekk velfortjent til Ragnhild Bech- gratulerer! Ho har vore ein pioner innan arbeidet med skolefysioterapi spesielt- og har lagt ned utallige timar i frivillig innsats for NFF. I tidsskriftet kan du også lese meir om henne ["Ingen blir bedre av å bli forklart"](#).

Det gjenstår fortsatt ein del arbeide med å få skolefysioterapien forankra i dei ulike kommunane. Nasjonale retningslinjer for skolehelsetjenesten er for diffuse, men det er mange tema der som det er naturleg for oss som fysioterapeutar å bidra med for å auke helsekompetansen til barn og unge. Utfordringa i mange kommunar er at det helsefremmande og forebyggande arbeidet blir prioritert bort til fordel for behandling av dei over 16 år som ein kan ta eigenandel for poliklinisk. Vi veit at det ut ifrå eit samfunnsøkonomisk perspektiv er heilt nødvendig å auke generell helsekompetanse til alle, med universelle tiltak blant anna i regi av skolehelsetjenesten. [Slik fremmer vi psykisk helse, forebygger psykiske lidelser og får en mer fornuftig samfunnsøkonomi! - Arne Holte](#). Her må vi som fysioterapeutar i skolehelsetjenesten tørre å ta plass, men utfordringen er kanskje også å finne den?

Som fysioterapeutar er vi opptekne av at det vi tilbyr skal vere evidensbasert. Det er vel og bra, men kan det iblant bli ein hemske? Tiltak som er veldig i tida er COS-tilnærming, og Psykologisk førstehjelp som har vore brukt i ei årrekke. Hvis vi går inn på sida UngSinn som evaluerer effektive tiltak for barn og unge, ser vi at evidensen for begge desse metodane faktisk kun er evaluert som “sannsynlig” effekt [Tiltak | Ungsinn](#). Tenk da på kva vi kan slå i bordet med blant anna for effektane av fysisk aktivitet på generell helse og utvikling [Helseeffekter av fysisk aktivitet - FHI!](#)



I vinter skreiv styret i BUF kronikk svar til Helseministeren der vi argumenterte for å få fleire fysioterapeutar inn i BUP (per i dag kun 6 på landsbasis). Dette er eit av hovedmåla til forbundsstyret i NFF i 2022. 13. mai fekk faggruppelider i psykomotorisk faggruppe og faggruppelider i BUF representere NFF i møte med Helseministeren! Møtet var eit innspelsmøte til opptrappingsplan for psykisk helse, der NFF var inviterte saman med legeföreninga, sykepleierföreninga, ergoterapiföreninga, psykologföreninga,

tannlegeföreninga og fellesforbundet. Vi hadde kvar fem minutt til å svare ut spørsmåla: "Hva er de viktigste tiltakene for å få til god helsefremming og forebygging? Hva er de viktigste tiltakene for å få god og tilgjengelig hjelp? Hva er viktigste tiltakene for å sikre et godt tilbud til de med alvorlige og sammensatte utfordringer? Gi gjerne konkrete eksempler på tiltak eller løsninger dere mener fungerer godt". Ei oppsummering av svaret vart innsendt i etterkant:

<https://fysio.no/Hva-mener-NFF/Uttalelser-og-innspill/Innspill-til-regjeringens-opptrappingsplan-for-psykisk-helse-barn-og-unge>

Forrige veke lanserte Helsedirektoratet dei nye retningslinjene for fysisk aktivitet og stillesitting [Barn og unge – generelle råd - Helsedirektoratet](#). Faggruppa har vore aktivt med for å tilpasse innhaldet til norske forhold, og kjenner igjen ordlyden frå fokuset på variasjon og at det er forskjell på det ein gjer kvar dag og ein gong iblant. Helsedirektoratet har også lenka til brosjyren vår, som vi no også arbeider med å få oversatt til fleire språk: [Barnets første leveår - Norsk Fysioterapeutforbund](#).

Kursaktiviteten er stor dette året også. I tillegg til NFFs kursrekke, er det gjennomført to NUBU-kurs i samarbeid med regionane i NFF: sørøst og Oslo. Region sørøst står igjen for tur i Grimstad på september. Planen er å få til Vestlandet, Midt-Norge og Nord-Norge i løpet av 2022/2023. Dette er ikkje kurs vi har tilbudt på lang tid, så om du er interessert så grip sjansen no. Alle kurs legg ute på NFF sin kurskalender, legg spesielt merke til at det er ledige plassar til dette etterspurte kurset i Trondheim, med påmeldingsfrist 10. juni: [Fysioterapi for barn og unge med nevrologisk betingede funksjonsnedsettelse - Norsk Fysioterapeutforbund](#)

Faggruppa inviterer til **digital fagdag 3. november**, så sett av dagen! Fagdagen vil ha tema: "Perspektiver på relasjon i fysioterapi for barn." Årsmøteseminaret i BUF fekk på årsmøtet nytt namn: "Kongress i barne- og ungdomsfysioterapi". Den vil bli avvikla i **Bergen 15-17.mars 2023**- så sett av dagane! Vi ønsker også å spre ordet om den andre Europeiske kongressen i barnefysioterapi: [Euppt2022 – 2nd European Paediatric Physiotherapy Congress](#), i Venezia på oktober.

Ta kontakt om det er saker de meiner vi som faggruppe burde engasjere oss meir i!

På vegne av styret, Ingunn Skogseth-Stevens

Leder faggruppen for barne- og ungdomsfysioterapi (BUF)